



Lindås kommune  
Kvernhusmyrene 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 18.06.2015  
Vår ref.: 2015/5694-2  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.: 15/1743 – 15/20874

## **Varsel om synfaring - Hundvin - gnr 56 bnr 73 - dispensasjon - etablering av avlaupsanlegg - Lindås kommune**

Viser til brev datert 02.06.2015 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Like nordaust for Hundvin kyrkje ligg det tre gravhaugar (Askeladden id. 144950, 144952 og 144953). I følgje situasjonsplan skal avlaupsanlegget leggjast mellom to gravhaugane. I førre dispensasjonssøknad var anlegget plassert annleis, og vi finn det difor naudsynt med ei synfaring før vi kan gje fråsegn i saka.

Ved synfaringa vil ein vurdere om tiltaket kan kome i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, og ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova. Synfaringa vil verte gjort så raskt som råd.

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*